

Styremøte i Mental Helse Kvam, tysdag 5. oktober 2021 på Omastrand

Deltakarar: Jan Tore Gjerde, Marianne Gjerde, Gunnar Helle, Karen Elise Berge, Vidar Eik

Fråfall: Britt Helle

1. **Referat frå forrige styremøte:** Vart godkjent

2. **Kvammaveko:** Hanne har gjort ein kjempejobb også i år saman med Grannehjelpa. Vidar stilte på føredrag på Thon Hotel Sandven på måndag. Det er ikkje anledning for styret å delta dei andre dagane. Vi vart einige om å kome sterkare tilbake neste år.

3. **Tur med kafé påfyll:** Denne var 6. september. Turen gjekk til båthamna i Strandebarm. Deltakarane gjekk kyst stien. Det var 11 deltakar som fordelte seg i 3 bilar. Medlema satte veldig pris på turen. Gunnar, Britt og Karen Elise deltok frå Mental Helse Kvam. 450,- blei dekkja av Britt og Gunnar, som blir refundert tilbake frå kapitalen til Mental Helse Kvam.

4. **Siste dagen Mental Helse Kvam skal delta for hausten:** Vi deltar på kafé påfyll siste gang for hausten den 15. november kl. 11. Vi vart einige om å spinne vidare på tema glede, og at kvar og ein i styret tenkjer på kva som kan vera med. Det ser ut til at sannsynlegvis heile styret møter på denne dagen. Karen Elise kom med tips om at Marianne Gluppe som kafé leiar kan bruke pizza som kafé mat for å forenkla det litt med maten. Jan Tore sjekkar med Marianne Gluppe om vi skal stille med mat. Då kan vi eventuelt kjøpe pizza, eller at Vidar smørjer og tar med Baguetter.

5. **Leve heile livet og informasjonskveld med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre:** Vidar refererte litt frå reforma leve heile livet som skal opp i rådet han sit i Kvam herad.

Det vert innkalla til ein kveld med presentasjon av reforma, leve heile livet, og der lag og organisasjonar i Kvam vil dele frå sitt arbeid og seie noko om kva det er viktig rådet har fokus på / arbeider med. Møtet blir **tysdag 23. november 2021 klokka 1800**. Jan Tore stiller frå Mental Helse Kvam som representant.

6. **Kva skal til for å verta erfaringskonsulent:** Jan Tore fekk telefon frå ein person med spørsmål om kva som skal til for å verta erfaringskonsulent. Jan Tore tok kontakt med Vibeke Hellesund og fekk svar at det er mogleg å gå kurs som varer eit skuleår. Søknadsfrist er i april. NAV arrangerer kurset og ein søker til dei. Gunnar supplerte med at det også er kurs i regi av Mental Helse i Oslo som går over fleire helgar. Vibeke Hellesund er sjølv erfaringskonsulent. Det er ein lønna jobb som krev søknad.

Jan Tore tar kontakt igjen til personen som ringte for å avklare og for å få personen innmeldt i Mental Helse.

7 . **Julebord 2021:** Dette blir 1. desember kl. 1800 på Hardanger AKS.

Jan Tore har innhenta prisar hos Hardanger AKS.

Leige lokale og kjøkken: 1000,-

Leige lokale + oppvask av Hardanger AKS: 3500,-

Prisar per pers for pinnekjøtt + riskrem til dessert og Hardanger AKS lager maten og tar oppvask: 349,- per pers.

Ved 30 personar bli det 10 300 + leige av lokale : 11 300,-

Vi fastset prisar for julebordet til 150,- for medlem og 250,- for ikkje medlem.

Dette vil ved loddsal koste laget max. 5000,- Det er kome støtte frå Kvam Herad som kan brukast her.

Dersom det blir færre deltakarar blir prisen per pers. redusert.

Oppgåver:

Jan Tore tar kontakt med Kjell Arne Gjørn på vaksenopplæringa og spør om han kan spele som tidligare, saman med dei to damene som syng. Tar med kaffipose. Jan Tore leier festen

Marianne kjøper blomar på Berge Gartneri. 4 blomar + 2 på lur. Julestjerne og kvite Asalea. 70,- til 80,- per blom. Sel også lodd. 10,- per lodd. Loddbøker må skaffast.

Karen Elise tar imot pengar ved inngangen. Dersom det kjem nokon som ikkje er påmeldt kan dei diverre ikkje delta. Dersom folk manglar litt pengar, så kan dei betale / vippse resterande når julepengane kjem i desember. Karen Elise leser ei historie eller diktet Skøyteføyren av Olav H. Hauge.

Gunnar og Britt Gunnar lagar quiz. Gunnar og Britt høyrer om fruktkorg, kjøper drikke og peparkaker med meir.

Vidar finn julesongar og lager desse klart. Sender ut innbyding per e-post og brev. Legg det på Facebook og fremjar innlegget 2 veker før fristen. Påmeldingsfrist blir 24. november. Vidar lager innbyding for får denne sendt innan 2. november. Facebook blir onsdag i veka etter. Må stå i innbydinga at det blir utlodding til 10,- loddet.

Vidar er med å sel lodd. Kanskje opplesing? Tar med kaffipose

8. **Eventuelt:** Alle må hugse å besøke Mental helse Kvam sin e-post på office365.

Det er kome 5000,- i støtte frå Kvam Herad.

Neste styremøte blir innan utgangen av januar.

12-14 November er det regionsamling for Hordaland. Alle lokallag vil få innbyding. Jan Tore reiser kanskje saman med Marianne.

Norheimsund 6. oktober 2021, Vidar Eik -sekretær.